VEDTEKTER

Foreininga for ansvarleg besøksforvalting i Luster (FAB)

§ 1 Føremål

Foreininga for ansvarleg besøksforvalting i Luster (FAB) er ein partipolitisk uavhengig foreining med lokal forankring i Skjolden.

Foreininga arbeider for at cruiseturismen på Skjolden og Luster forøvrig skal være innanfor lokalsamfunnets og naturens tolegrense. Konkret arbeider foreininga for:

- å begrense tal cruiseanløp og samtidig tal passasjerar på land til eit nivå som er forsvarleg for lokalbefolkning, natur, beredskap, infrastruktur, landbasert turisme og annet som vert påverka av den fjordbaserte masseturismen
- å påverke kommunale, regionale og nasjonale avgjerdsprosessar gjennom høyringsinnspel, dialog og kunnskapsbasert argumentasjon
- å samarbeide med cruisekaia, cruiseservice-bedrifter, Luster kommune og andre relevante aktører om konkrete kapasitetsgrenser og reguleringstiltak

Foreininga støttar reiselivsaktivitetar innanfor tolegrensene til samfunnet og naturen, og arbeidar for at Lusters natur-, verne- og kulturverdiar forvaltast til det beste for framtidige generasjonar.

§ 2 Organisasjonsform

Foreininga er ein frittståande juridisk person med medlemmer og er sjølveigande. At ho er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller eigedelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

§ 3 Medlemmer

Foreininga er open for alle einskildpersonar som støttar føremålet til foreininga, og som har tilknyting til Luster kommune gjennom noverande eller tidlegare bustad, oppvekst, fritidseigedom, arbeid eller næringsverksemd i kommunen.

Det er inga nedre aldersgrense for medlemskap. Personar under 15 år må ha samtykke frå føresette.

Styret kan avslå innmelding på sakleg grunnlag, mellom anna dersom det er grunn til å tru at søkjaren vil motarbeide føremålet til foreininga.

§ 4 Rettar og plikter knytte til medlemskapet

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga. Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem av foreininga. Medlemmene plikter å forhalde seg til vedtak som er gjort av årsmøtet.

§ 5 Årsmøte

Årsmøtet, som blir halde kvart år, er foreininga si høgaste myndigheit. Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer med stemmerett som møter, og alle medlemmer har ei stemme. Møteleiar blir vald av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med alminneleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Stemmelikskap blir avgjord ved loddtrekning. Årsmøtet blir innkalla av styret ved invitasjon direkte til medlemmane. Forslag som skal bli behandla på årsmøtet skal vere send til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet. Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er ført opp på sakslista, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det.

§ 6 Årsmøtets sine oppgåver

Årsmøtet skal

- handsame årsmelding
- handsame revidert årsrekneskap
- handsame innkomne forslag
- fastsette kontingent
- vedta budsjett
- velje
  - o leiar og nestleiar
  - o styremedlem
  - o varamedlem

§ 7 Styret

Foreininga har eit styre på 3 medlemmer. Styret er høgaste myndigheit mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmene forlanger det.

Styret skal
- sette i verk avgjerdene til årsmøte
- oppnemne eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse
- administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi i samsvar til gjeldande instruksar og avgjerder
- representere foreininga utad

§ 8 Signaturrett

Det er styret i fellesskap som innehar signaturrett.

§ 9 Vedtektsendring

Endringar av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krevst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

§ 10 Oppløysing

Oppløysing av foreininga kan berre bli behandla på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Foreininga si formue skal etter oppløysing og gjeldsavlegging gå til formålet foreininga arbeider for å fremje, ved at nettoformuen blir gitt til ein ideell organisasjon som årsmøte avgjer.

Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller del av desse.